



Senking og steinsetjing av Reiestadbekken 1953. Frå v.: Trygve Ueland, Torstein A. Varhaug. Bak: Nils Tjemstrand
Foto: Forfattaren

HERADSAGRONOMEN

Ein trufast tenar i norsk jordbruk gjennom 75 år

EINAR K. TIME

Heradsagronomen har i fleire generasjonar hatt ei sentral rolle innan rettleiingstenesta i jord- og hagebruk.

I denne artikkelen fortel tidlegare fylkeslandbrukssjef, Einar K. Time, om utviklinga frå heradsagronomen og fram til dagens jordbrukssjef. Artikkelen gir også eit godt innblikk i heradsagronomen sitt vide arbeidsfelt.

Innleiing

Besteforeldra til dagens bønder minnest gjerne heradsagronomen i vindjakke på sykkel i alt slags ver— ofte med nivellerstong og kikkertstativ fest til sykkelramma, og med kikkert og veske plassert i sideveska, eller i ryggsekken. Kven var han denne altmoglegmannen, kva oppgåver hadde han, og kva var det som motiverte denne smålatne slitaren over alt i landet der folk sysla med jordbruk? Me må langt tilbake i historia for å finna forklaringar – og opphav til heradsagronomordninga.

Historisk utvikling

På stats- og fylkesplan er rettleiingstenesta i jord- og hagebruk gammal – minst 150 år. På kommunenivå er denne faglege aktiviteten mykje yngre. Først i dette hundreåret tilsette enkelte kommunar tenestemenn som skulle hjelpa folk med hagestell først og fremst, altså heradsgartnarar. Etter kvart vart det ein snunad i dei faglege arbeidsoppgåvene, og "gartnaren" vart bytt ut med "agronomen". Det finst sikre data om slike heradsagronomskipnader enkelte stader i landet i tida 1910–1913.

Stillingane var reint kommunale, men etter kvart vart det praksis at heradsagronom og heradsgartnar skulle tilsetjast av landhushaldningsselskapet (landbruksselskapet) etter tilråding frå kommunane. Det vart og gitt statstilskot til desse stillingane innafor den rammeløyvinga landbruksselskapet fekk av Staten.

I Rogaland fekk me dei første heradsagronomstillingane i 1917 i kommunane Håland og Hetland, Høyland, Time og Gjestal og Nærbø og Varhaug. I 1918 vedtok Stortinget at alle heradstenestemenn skulle meldast inn i Statens Pensjonskasse frå 1. juli same året. Fram til 1948 blanda Staten seg lite bort i sjølve tenestemannsskipnaden, jamvel om Departementet av og til ga uttrykk for at det mislikte at heradsgartnarane dreiv for mykje med praktisk arbeid. Men Staten bestemte til kvar tid den øvre årsløna kommunane kunne få refusjon etter.

Det var økonomisk vanskelege tider i 1920-åra, og i 1927 gjorde Departementet framlegg om at det ikkje skulle gjevast statstilskot til nye heradsagronomstillingar, og dei eksisterande skulle dragast inn etter kvart som dei vart ledige. Dette gjekk ikkje gjennom i Stortinget. Men Stortinget gjorde samrøystes dette vedtaket:

Herradsagronomer og herredsgartnere knyttes til bestemte bygder og underlegges landbrukselskapet. Deres lønn bæres med 1/2 av staten og 1/2 av vedkommende distrikt. Herredet (eller herredene) skal bære minst 1/2 distriktsbidraget. De ansettes av herredene med approbasjon av landbrukselskapet.

Men først i 1948 fastsette Staten lønsregulativ for denne tenestemannsgruppa. Tidlegare hadde praksis vore at kommunar og fylke hadde pressa dette lønsnivået sterkt ned, og det hende jamvel at tenestemannen ikkje fekk betalt ut den løna han hadde krav på. Men endeleg fekk me i november 1948 eit stortingsvedtak som omfatta heile funksjonærskipnaden i landbruket. Dei viktigaste punkta i dette vedtaket var for heradsagronomstillingane:

- Det skal vera heradsagronom i alle kommunar, og som hovudregel skal han ha høgare landbruksutdanning.
- Skipnaden skal vera fullført over ein 15-års periode.
- Landbrukselskapet skal *tilsetja* heradsagronomen etter innstilling frå jordstyre og heradstyre. Heradet bestemmer løna.

Landbrukselskapet har i perioden 1919-1981 hatt arbeidsgjevaransvaret for heradsagronomstillingar med statstilskot, medan kommunane har sytt for kontor, kontorhjelp o.l. Denne ordninga hadde me i prinsippet fram til 1. januar 1981, då Staten overtok *heile* landbruksetaten.

I åra som fylgde etter dette stortingsvedtaket vart det laga planar for heradsagronomskipnaden i heile landet, og då han endeleg var gjennomført i 1968, hadde me i alt 368 heradsagronomdistrikt, av desse 18

i Rogaland med i alt 23 heradsagronomar med statstilskot.

I 1959 fastsette Landbruksdepartementet ein detaljert instruks for heradsagronomane. Delar av denne har vore gjeldande til no. Fram til 1. januar 1981 betalte Staten 50% av løna til heradsagronomen + reiseutgiftene, avgrensa oppover til det Stortinget vedtok til kvar tid. Resten vart delt på fylket og kommunen.

Stortinget har i alle år nokså visst drøfta rettleiings-tenesta i jordbruket og heradsagronomskipnaden i samband med dei årlege budsjettframlegga. Men enkelte år, t.d. i 1963 og i 1971 har drøftingane vore meir detaljerte som ei fylgje av særlege innstillingar, eller utgreiingar, t.d. NOU 1975:58, "Herredsa-gromordninga."

I 1980 vedtok Stortinget å gjennomføra ein nyskipnad for alle landbruksetatane, i hovudsak etter retningslinene i Stortingsmelding nr. 109/79 om lokalforvaltning og rådgjeving i landbruket. Vedtaket gjekk m.a. ut på at Staten skulle overta heile ansvaret for jord- og skogbruksetaten på fylkes- og kommune-nivå frå 1. januar 1981. Heradsagronomen vart frå denne datoen rein statstenestemann. Det same vart og gjort gjeldande for alle andre tilsette på jordstyrekon-toret. Nyskipnaden fekk mange praktiske fylgjer, m.a. vart "jordstyrekontoret" endra til "landbrukskontoret", "jordstyret" til "landbruksnemnda" m.m.

Omskipinga av kommuneetaten til rein statleg funksjon har sjølvsagt hatt både positive og negative sider. For heradsagronomen som tenestemann er det ei allmenn oppfatning at ordninga har fungert bra. Heradsagronomen har hatt greitt definerte "komman-doliner", og han har fått høve til å utvikla leiarevner betre enn før. Frå 1989 fekk heradsagronomen ny tittel - jordbrukssjef. Denne tittelen skulle gje han

større status jamført med kommunale fagsjefar. (Seinare i denne artikkelen vert tittelen jordbrukssjef berre brukt når det spesifikt er tale om tida etter 1989.)

Frå 1981 har styresmaktene kontinuerleg vurdert tenestemannsordninga i landbruksetatane. Som konklusjon må ein kunna seia at skipnaden har verka godt - med ein del tilpassingar. Av ymse grunnar har likevel styresmaktene kome til at etaten skal omskipast endå ein gong. Stortinget bestemte såleis i november 1992 at kommunedelen av jord- og skogbruksetaten skal først tilbake til kommunane frå 1. januar 1994, medan Fylkeslandbrukskontoret skal knytast til Fylkesmannsembetet frå 1. juli 1993. Frå 1. januar 1994 vert såleis jordbrukssjefen og alle medarbeidarane hans reine kommunale tenestemenn med kommunen som arbeidsgjevar. Her er rett nok gjort unnatak for nokre få stillingar som framleis skal vera reint statlege med regionale oppgåver. Me er såleis frå 1994 tilbake til utgangspunktet då desse stillingane vart skipa.

I denne korte historiske oppsummeringa har det ikkje vore høve å knyta politiske grunnleggjingar til det omskiftande administrative tilværet heradsagronomen har hatt opp gjennom åra. I neste kapittel skal eg drøfta *arbeidsoppgåvene* hans - sett i historisk samanheng, og då vil det i avgrensa mon verta knytt somme merknader/forklaringar til dei ulike ordningane me har hatt tidlegare. Men først skal me sjå litt nærare på *heradsagronomane i Rogaland*.

Som nemnt fekk me dei første heradsagronomane i Rogaland i 1917. I 1919 kom Nord-Rogaland med då det vart tilsett heradsagronom i Skåre, Torvastad og Avaldsnes. Klepp fekk heradsagronom i 1920. Same året vart heradsagronomdistriktet Håland og Hetland/Randaberg delt, såleis at Håland vart eitt distrikt, dei 2 andre kommunane det andre. Utsira kom med i 1924, saman med Torvastad, Skåre og Avaldsnes. Men ti-



Graving av plyttgrøft, Nærbo 1953
Foto: Forfattaren

dene var svært vanskelege i 1920-åra, og då heradsagronomen i Nærbo og Varhaug døyde i 1930, vart stillinga dregen inn (avskipa, som det heitte.) Tidene heldt fram å vera utruleg pinaktige på første av 1930-talet og her kom ingen endringar med heradsagronomane. Men i 1931 endra Håland kommune namn til Sola og Madla. I 1934 er det siste året me finn melding frå heradsagronomen i Sola. Både i 1935 og i 1936 står likevel Sola oppført som

eige distrikt, men det er forsvunne i 1937. Fram til 1947 hadde me derfor berre 5 heradsagronomar i Rogaland. Men det året kom Skudenes, Åkra, Stangaland og Bokn med i ordninga. (Bokn var knytt til dette distriktet til 1962.) I 1949 fekk me 2 nye distrikt, Strand og Hjelmeland. Og no byrja det endeleg å losna:

I 1950 fekk Jelsa og Erfjord heradsagronom, og same året vart det ei kombinasjonsordning i Dalane med di dei 2 lærarane ved Vinterlandbruksskulen i Dalane skulle fungera som heradsagronomar i sommarhalvåret i Dalane-kommunane. I 1951 fekk Nærbø og Varhaug igjen heradsagronom (utan statstilskot), og året etter tilsette Rennesøy og Mosterøy, og Sand, Sauda, Imsland og Suldal heradsagronomar (også utan statstilskot). På same vilkåra kom Sola igjen i 1953, og i 1954 fekk me Finnøy, Sjernarøy og Nedstrand som nytt distrikt. Skjold og Tysvær fekk sin heradsagronom i 1955, Høle og Forsand i 1956. I 1962 vart det ei omordning i Nord-Rogaland, ved at Skjold og Vats vart eit distrikt, og Tysvær vart slått saman med Bokn. Kvitsøy hadde heradsagronom saman med Sør-Karmøy frå 1965 til 1972, men har sidan høyrte saman med Stavanger og Randaberg.

Det bør og i denne samanhengen nemnast at me fekk ei ny distriktsinndeling i indre Ryfylke ved at Vikedal og Sandeid fekk heradsagronom saman med Imsland i 1957. I dei seinare åra har det vorte gjennomført mindre endringar i distriktsgrensene.

Arbeidsoppgåver

Frå først av var det reine praktiske gjeremål som var årsak til at kommunane tilsette heradsagronomar. I første rekkje skulle dei hjelpa folk med skjering av frukttre og bærbuskar, og rettleia om anna praktisk

hagearbeid. Seinare kom meir omsynet til praktisk jordbruk til å dominera, og *agronomen* erstatta etter kvart *gartnaren* i rettleiingsfunksjonen. Men – og det skal me merkja oss i denne samanhengen, det var *trongen* til fagleg rettleiing i alle sektorar som bøndene etter kvart vart meir og meir medvitne om. I perioden 1910–1914 prøvde ein på landsplan å få til felles løns- og tilsettingsvilkår for denne nye gruppa av tenestemenn. Som nemnt i førre kapittel, fekk ikkje Rogaland heradsagronomar før i 1917. Under den første verdskrigen vart dei private landhusholdningsselskapa (landbruksselskapa) pålagde å utføra ymse "provianteringsoppgåver", og det var naturleg at dei få fagfolka som fanst i bygdene tok del i dette. Me skal elles hugsa at bønder flest den gongen hadde lite teoretisk jordbruksutdanning. Formidling av nye forskingsresultat gjekk seint – og her trongst fagfolk på lokalplanet for å spreia og tolka nye ting i tida. Det er såleis forvitneleg å lesa om dei mangfoldige arbeidsoppgåvene heradsagronomane hadde desse første åra. Dei arbeidde med planleggjing av dyrkingsfelt, rettleiing i ugraskampen og om plantesjukdommar, rettleiing om gjødsling, foring o.s.v. Stort sett arbeidde dei etter "rekvisisjonsprinsippet" – ofte med lange ventelister. Arbeidsoppgåvene skifte ikkje karakter dei første 10-15 åra. Men i slutten av 1920-åra, og i 1930-åra kom omsetningsproblem og økonomiske forhold til å prega arbeidet deira i større grad. Men framleis dominerte planleggjingsoppgåvene med nydyrking og bureising. Samstundes måtte heradsagronomen ta sekretæroppgåve for jordstyret etter jordlova frå 1928. Tidlegare hadde dei hatt sekretærarbeidet for jordstyra etter lova om jordstyre frå 1920. I tillegg går det fram av årsmeldingane at dei var sterkt engasjerte i alle slags fagkurs, dei heldt fagforedrag i alle slags lag, og dei ga personleg råd så langt tida rokk.


Den neste tidbolken som skil seg ut er sjølve krigsåra. Arbeidet skifte naturleg karakter, og administrativt vart jordstyra i enkelte kommunar dominert av NS-leiing. Når heradsagronomen samstundes skulle driva med "matauk", vera rådgjevar for rasjonseringsstyresmaktene, og i tillegg vera personleg rådgjevar, forstår me at dei lett kunne koma i rollekonflikt. Mellom linene i meldingane deira kan ein ana ein godt kamuflert harme over tilstand – og over arbeidstilhøva desse vanskelege åra.

Den neste tidbolken for heradsagronomen fell saman med utvikling og vekst elles i samfunnet 1945–1960. Landet skulle byggjast opp att – og utviklast. Nyskipnaden med tenestemannsordninga frå 1948, jfr. førre kapittel, og hovudavtalen frå 1950 mellom Staten og jordbruksorganisasjonane, la den ytre ramma for ein eineståande vekstperiode i norsk jordbruk, som heradsagronomane var med å prega på mange måtar. Men tida kom og til å prega heradsagronomen. Det vart stilt store krav til han, mange ynskte hjelp *snøgt*, og heradsagronomen måtte skifta ut sykkel med bil, d.v.s. for dei fleste med folkevogn. Som tenestemannsgruppe vart heradsagronomane privilegerte til kjøpeløyve på bil, og dette styrkte sjølv sagt deira sosiale status.

I Rogaland fekk me i 1950-åra ein "gullalder" i nydyrking og beitekultivering, me fekk 2 store bureisingfelt på Jæren (Elganefeltet i Varhaug og Frøylandsfeltet i Time) – samstundes som investeringslysta reint allment auka sterkt i jordbruket. Den nye jordlova frå 1956 kom til å spela ei viktig rolle i denne samanhengen. I alt dette arbeidet vart heradsagronomen på mange vis ein nøkkelperson. Han motiverte, informerte, og initierte, samstundes som han hadde god kontakt med maskinfabrikkar og med kløktige oppfinnarar/utviklarar av nytt teknisk utstyr.

I denne perioden sleit heller ikkje jordbruket med dei "tunge" omsetningsproblema som me kjenner så alt for vel i seinare tid. Det var såleis *bruk* for heile produksjonen på heimemarknaden, og "miljø"-omgrepet var ikkje tema enno.

Frå først av 1960-talet, då alle kommunar i fylket hadde fått heradsagronomar – byrja me på ein overgang til ein ny tidsalder på mange vis, og dette kom i høg grad til å prega kvar dagane til heradsagronomane. Først og fremst førte teknisk utvikling til at dei gamle driftsmåtane vart skifte ut. Me fekk forhaustaren, som revolusjonerte grashaustinga, skurdtreskjaren overtok kornhaustinga, og samstundes som me fekk ei eventyrleg utvikling av alt slags nytt teknisk utstyr. Dette førte for det første til *miljøproblem* med silopressaft i bekkjer og elvar, me byrja få eit sterkare utbyggjingspress på gode jordbruksareal nær byar og tettstader, og frå slutten av 1960-talet forsterka ein gryande "oljealder" denne tendensen. Heradsagronomane i Rogaland – som i landet elles, var i svært mange tilfelle faneberarar for ei *styrt* utvikling i desse viktige sektorane. Dei vart jordverntalsmenn med jordlova frå 1956 som rettsleg utgangspunkt, og dei vart krumtappar i arealplanleggjinga, samstundes som dei byrja interessera seg for dei aukande utsleppa frå jordbruksdrift. Arbeidet deira skifte såleis suksessivt karakter – frå eit reint produksjonsteknisk rettleiingsarbeid i første rekkje til meir planleggjing og styring av utviklinga etter ei rekkje nye lover. Samstundes vart jordstyrekontora bygde ut med teknisk personale, som etter kvart tok over dei "gamle" rollene som produksjonstekniske rettleiarar og planleggjarar. Men enno måtte heradsagronomen engasjera seg mykje i alle slags investeringsoppgåver. Etter kvart utvikla han seg såleis til å bli meir leiar og administrator av kontoret og per-



Plytten er teken, dekkjingsstorva på grøftesida
Foto: Forfattaren

sonalet. Samstundes bygde andre greiner i jordbruket ut nye rettleiingstiltak (forsøksringar, maskinringar, rekneskapslag m.m.) og dette gjorde det mogleg for heradsagronomen å sleppa vera fagmann på "alle" felt.

Arbeidsoppgåvene i heile denne lange tidbolken, frå krigen slutta og til sist på 1970-talet, bar såleis preg av å vera viktige samfunnstiltak. Det var derfor naturleg

at politikarane hadde stor interesse av at denne viktige etaten vart utstyrt og utvikla for å makta alle nye område som etter kvart skulle dekkjast. På denne bakgrunnen må ein prøva forstå stortingsvedtaket i 1980 om at landbruksetatane skulle verta reint statlege.

Frå no av byrja heradsagronomen å redusera sitt reine demonstrasjonsarbeid i "marka". I staden vart den tida han kunne reservera til produksjonsteknisk rettleiing meir brukt til kurs o.l. Dei tradisjonelle oppgåvene overtok forsøksringane, fjøskontrollen m.fl.

Omdømme - krav til heradsagronomstillinga

For å lukkast som heradsagronom, eller som jordbrukssjef i tida framover, krevst det ei rekkje kvalifikasjonar - fagleg og menneskeleg, m.a.:

- Han må vera dyktig som fagmann.
- Han må lika å omgåast folk, han må lika konsulentrolla.
- Han må alltid vera konsekvent, og behandla alle likt.
- Han nå ha evne til nytenkjing og omstilling.

I eldre tid søkte nok mange slike stillingar av di det var vanskeleg å få anna arbeid. Og som regel treivst dei så godt at dei stifta familie og slo seg til ro i lokalsamfunnet. I dag oppfattar gjerne unge sivilagronomar desse stillingane som springbrett i yrkeskarrieren. Det er såleis mindre stabilitet i denne etaten enn før. Men enno er det sjølvsagt svært viktig at jordbrukssjefen kjenner distriktet godt, og maktar å forstå og identifisera seg med den største konsulentgruppa, bøndene. Det er utført få granskingar om

korleis bønder - og andre - dømmer om, og oppfattar heradsagronomen. Eg skal ta med eit par glimt frå eit par slike kjelder:

- (1). Rapportar fra Institutt for pedagogikk og etterutdanning ved Norges Landbrukshøgskole: Herredsagronom og bønder, rapport nr. 1 1976, og
- (2). nokre inntrykk frå ei gransking i samband med "Ryfylkeprosjektet" i Rogaland, (1974-1976).

(1) er skriven av Arnold Hofset og Audun Larsen, den andre publikasjonen er ved Bjørn Klette. Etter (1) var 81% av dei spurde godt nøgde med heradsagronomtenesta. 70% var heilt samde i at heradsagronomen gjer arbeid som brukarane har stor nytte av. Men heile 44% meinte likevel at heradsagronomen hadde for lite kjennskap til praktisk landbruk.

I "Ryfylkeprosjektet" vart det m.a. spurt om kva konsulentgruppe bonden prioriterer skal vitja garden hans:

43%	ynskte oftare besøk av heradsagronomen.
31%	" " " " ein fylkesagronom.
47%	" " " " Ryfylkeprosjektet".
19%	" " " " dei økonomiske organisasjonane.
11%	" " " " private firma.

Dei viktigaste grunnane til at heradsagronomen synest å vera mest populær hjå bøndene, er nok at han vert oppfatta som mest upartisk, og at bøndene helst ynskjer besøk av konsulentar dei kjenner og har tiltru til. Det går tydeleg fram av (1) at bøndene stiller store krav til heradsagronomen - både fagleg og menneskeleg. Derfor er det og frå denne synsstaten forståeleg at det kan verta ein del skifte i desse stillingane.

Korleis vil framtida blir for jordbrukssjefen?

Som nemnt tidlegare, hadde Staten lite og inkje med heradsagronomstillinga å gjera før 1919, eller meir presist - før 1927. Frå 1. januar 1994 er me på mange vis tilbake til utgangspunktet. Kommunane skal då overta fullt og heilt ansvar for personalet på landbrukskontora, og dei får full instruksjonsrett. Staten ved Landbruksdepartementet vil likevel i lovs form og etter særlege reglar ha tilsyn og styring med ein del viktige statlege oppgåver landbrukskontora skal arbeida med. Men i prinsippet vil alle tilsette verta kommunale tenestemenn frå 1. januar 1994. Staten ved Landbruksdepartementet har plikta seg til å yta refusjon til drifta av landbrukskontoret dei første 3 åra etter omlag same omfang som kostnaden er i dag. Seinare skal tilskotet frå Staten gå inn i den vanlege refusjonsordninga frå Staten til kommunane.

Det er spekulert mykje på korleis den nye ordninga vil verka for *bonden* og for fagmannen *jordbrukssjefen*, og det er mykje ulike oppfatningar og spådommar om framtidig lagnad. Enkelt trur eg inntrykka no kan samanfattast slik: I *viktige* jordbrukskommunar er det rimeleg å venta at kommunal drift av landbrukskontoret kan føra til auka jordbruksfagleg aktivitet - kanskje også til større tal tilsette, og såleis kan kontoret få auka status.

I kommunar der *andre næringsgreiner dominerer*, vil truleg det politiske fleirtalet leggja vekt på å styrkja andre sider ved den kommunale administrasjonen. Dersom jordbrukssjefen og landbrukskontoret då greier tilpassa seg ein ny situasjon på smidig måte og ta på seg nye oppgåver, vil truleg landbrukskontoret makta å halda oppe aktiviteten. I meir *urbane kommunar* er det rimeleg å venta at landbrukskontoret vil sitja att med minimalt mannskap etter ei tid, og med arbeid avgrensa til dei statleg, pålagde oppgåvene.



Moderne teknikk har overteke kanalgravinga. Nærbo 1954
Foto: Forfattere

Men utviklinga er sterkt avhengig av det som vil skjje elles i samfunnet, og det er uråd å ha skråsikre oppfatningar om framtida i så måte.

Kvifor omskipa så Stortinget denne tradisjonsrike etaten igjen berre etter 13 år? Det vil føra alt for langt å gå nærare inn på dette spørsmålet her. Men i stikkords form kan det nemnast nokre få grunnar:

- Statleg organisert produksjonsteknisk rettleiings-teneste er ikkje så viktig i dag av di næringa sjølv alt *har* overteke viktige delar av desse oppgåvene, og etter Statens oppfatning *bør* ho ha hovudansvaret

for desse konsulenttenestene. Staten må først og fremst konsentrera sin ressursbruk i denne sektoren på område der ingen, eller få andre er engasjerte, t.d. på miljøside, når det gjeld bygdeutvikling o.l.

- Avgjerdsretten på fleire og fleire saksområde bør overførast til lokale styringsorgan, og det bør også gjelda i landbruksadministrasjonen.
- Endeleg reknar Staten med å spara pengar på sikt når næringa sjølv overtek ansvaret for dei tradisjonelle rettleiingsoppgåvene, medan kommunane får dei administrative og økonomiske sidene for drifta av landbrukskontora.